

Samfunnshuset Skogen A/L

Hellandsvegen 445

5939 Sletta

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Sletta ...januar 2019

**SAMFUNNSHUSET SKOGEN, SLETTA –TILBYGG -ANLEGGSNR 1260 0006 05.
SØKNAD OM KOMMUNALT TILSKOT – stort kr 70.000,-.**

Tilbygget til Samfunnshuset Skogen er no på plass, men det står att noko arbeid før anlegget er ferdig i samsvar med planane.

Arbeidet har gått greitt, og det står no att i hovudsak to fylgjande:

- Inngangsparti frå sør
- Riving av gammalt bygg like sør for samfunnshuset

/Vedlagt delrekneskap for tilbygget

Me er svært glade for det tilskotet me fekk frå Hordaland fylkeskommune, kr 230.000,-, men manglar no om lag kr. 70.000,- for å få ferdig det som står att.

Samfunnshuset Skogen er det einaste store forsamlingslokale på Sletta, og har ein særsviktig funksjon i mange samanhengar i bygda. Drifta er dugnadsarbeid, og dei fleste drifts- og vedlikehaldsarbeid vert utført av bygdefolk med ulik kompetanse.

/Vedlagt ei orientering om samfunnshuset

Framdrifta av anlegget har vore god, og me reknar med å vera ferdig innan sommaren 2019.

Me søker med dette Radøy kommune om eit tilskot på kr 70.000,- til ferdiggjering av anlegget.

Med venleg helsing

Johnny Ystebø

Styreleiar

Vedlegg:

- Teikningar av tilbygget
- Vedlagt delrekneskap for tilbygget
- Vedlagt ei orientering om samfunnshuset